



HLB
HØGSKULEN FOR
LANDBRUK OG
BYGDEUTVIKLING

ÅRSMELDING

2015

Årsmelding 2015

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling SA (HLB)

HLB har kontoradresse og hovudadministrasjon i Rogaland Landbrukspark, på Særheim i Klepp kommune, Rogaland.

Undervisninga føregår i Rogaland Landbrukspark, i tillegg er nokre kurs/samlingar desentraliserte. HLB er medlem i studiesenteret.no. Difor er det no fleire studentar som får høve til å følgja undervisninga på Særheim frå studiesenter andre stader i landet.

Det vart vedteke eit namnebyte på bachelorutdanninga i 2015. Tittel er: Bachelor i nyskaping og samfunnsutvikling. Alle våre studenter er no i dette studieprogrammet.

HLB har vore involvert i ei rekke forskings- og utviklingsprogram i 2015 og har produsert fleire faglege publikasjonar.

HLB har i meldingsåret hatt 12 tilsette.

Det er 6 kvinner og 6 menn i 2015.

I fagstaben er det 30% grunnkompetane, 40% førstekompetanse, og 30% toppkompetanse.

Det er ikkje registrert skader eller ulukker på arbeidsplassen i 2015.

Det er ikkje forhold ved verksemda som påverkar det ytre miljøet.

Skulen har stilt lån til ein av våre tilsette. Utover dette er der ikkje stilt garantier eller lån til andre tilsette, styremedlemar eller andre.

Vurdering av utsiktene for vidare drift:

Føresetnad for framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Årsresultatet i 2015 er på kr. 21225,-


Styret er tilfreds med resultatet trass i at dette er noko svakare enn budsjettert. Årsaka er litt lågare oppdragsaktivitet enn føresett. Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rett bilde av HLB sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret vil arbeide vidare med å styrkje det økonomiske grunnlaget for HLB gjennom auka inntekter og kostnadskontroll. Styret meiner det er realistisk å rekne med ein viss auke i studenttal i 2016. Det er og venta at den gode prosjektinngangen vil halda fram. Dei siste åra har HLB vore den høgare utdanningsinstitusjon i Noreg med desidert høgast oppdragsinntekter pr. fagleg årsverk.

Styret meiner at grunnlaget for vidare utvikling av HLB etter dei måla som gjeld for høgare utdanning er god ved utgangen av dette meldingsåret.


Styret vil tilrå vidare drift.


Særheim 08.02.2016.



Odd Arild Kvaløy
Styreleiar


Leif Kåre Lende
Nestleiar


Dag Jørund Lønning
Rektor


Ola Hedstein
Styremedlem


Bjørg Tysdal Moe
Styremedlem


Jofrid Torland Mjåtveit
Styremedlem


Rhys Evans
Styremedlem


Lovise Hetland
Styremedlem